



Riksantikvaren

Dato: 02.05.2024

Dokumentnummer: 21/1000-29

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Ellen Urheim Tveit

## Høring bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø

Dette er eit felles innspel frå kommunane i Sunnhordland, som har eit tett samarbeid på kulturvernfeltet. Innspelet tek utgangspunkt i tema for verdiskapingsprosjektet «Framtid for kulturhistoriske sjøbruksbygningar i Sunnhordland», som særleg omfattar sjøbruksbygningar og sjøbruksmiljø frå nyare tid. Det er svært velkome at kulturminna langs kysten er prioritert som den første av dei komande bevaringsstrategiane. Her hastar det med tiltak.

**Utfordringsbilete:** Erfaringa vår frå kommunane i Sunnhordland er at tapsprosenten for naust, sjøhus og andre bygningstypar knytt til bruk av sjøen er høg. Fleire undersøkingar viser det same for andre delar av landet. Mange av bygningane har gått ut av bruk og står til forfall. Då er dei særleg sårbar for påverknad frå ver og vind, og står utsett til når havnivået stig. Kulturminne og kulturmiljø langs sjøen er òg under sterkt press frå utbyggingsinteresser. Dei bygningane som er i bruk gjennomgår ofte store endringar og moderniseringar som reduserer kulturminneverdien. Ei av årsakene til dette er at mange kommunar ikkje har kompetanse eller kapasitet til å rettleia og visa eigarane vidare til gode rådgjevingstenester. Bygningsvernkonserulen i regionen har god kompetanse, men det er behov for auka kapasitet. Det er òg utfordrande at planprosessar tek lang tid og at bygningane kan ha planføremål som hindrar ny bruk. Ny bruk kan òg vera i konflikt med andre viktige omsyn i strandsona, som ålmenn tilgang. Då kan det òg vera usemje mellom dei ulike forvaltningsnivåa om kva omsyn som skal vektleggjast tyngst. I ein del tilfelle blir ikkje kulturmiljøverdiane vurderte i det heile.

**Avgrensing og prioritering av tema:** Etter vårt syn kan dei fleste av desse utfordringane fangast opp av eitt eller fleire av forslaga til deltema. Særleg «Sjøveien» og «Naustet» vil omfatta dei fleste aktuelle kulturmiljøa, og er delvis overlappande. Her er det snakk om eit stort mangfold av bygningstypar og kulturmiljø som det er behov for meir kunnskap og sterkare medvit om. Mange kulturmiljø knytt til sjøen som ferdslåre ligg i dag utanfor allfarveg og er prega av manglende bruk og forfall.

Temaet ferie og fritid femnar ikkje heile landet i like stor grad, men tida er truleg inne for å gje denne typen kulturminne større merksemd. I vår region er det særleg frå 1950 og -60-talet det tok til å komma bygningar for ferie og friluftsliv langs kysten. Då er det særleg snakk om små, enkle hytter og naust, og kombinerte bygg. I dag er mange av desse ombygde til å tilfredsstilla moderne krav. I ei tid der forbruket av areal og ressursar generelt må reduserast kan kanskje dei enkle fritidsbustadane frå denne perioden fungera som førebilete for ein meir berekraftig fritidsbebyggelse.

**Kunnskap og kompetanse:** Det er positivt at det blir peika på behovet for betre samordning av verkemiddelbruk og statleg og regional innsats. Her bør ein òg ta med kommunane. God kompetanse om verkemiddelapparatet og rådgjevingstenestene i kommunane er avgjerande for at tiltak som gjeld kulturminne

langs kysten skal komma inn i eit godt spor frå starten av. KIK-satsinga har vore viktig for å styrka kompetansen i kommunane. Det er viktig at dette arbeidet held fram. Me vil òg peika på auka tilgang til rådgjeving og handverkskompetanse over heile landet som viktige tiltak for å nå måla om å bevara kulturminne og kulturmiljø langs kysten, og ta dei i bruk.

Eit lite og enkelt tiltak for å synleggjera mangfaldet og sikra kunnskap om dei mange bygningstypane og ulike bruksområda er å leggja inn fleire kategoriar av sjøbruksbygningar under enkeltminneart/tilleggsart i Askeladden. I dag finst det berre tre kategoriar, medan mange bygningstypar ikkje høyrer inn under nokon av desse (døme: notheng, notbu). Til samanlikning finst det meir enn ti ulike artar av landbruksbygningar.

Med helsing

Ellen Urheim Tveit

Rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*